

# Gulen & Masfjorden Utvikling

ÅRSRAPPORT 2017

*Gulen og Masfjorden Utvikling as er lokalisert i Gulen kommune, og har som føremål å medverke til næringsutvikling og lønnsame arbeidsplassar i Gulen og Masfjorden kommunar.*



## INNHALD

Årsrapport 2017 .....	1
Dagleg leiar sin rapport .....	3
Styret si årsmelding for 2017. ....	7



Jobbmessa Spydspiss, Sløvåg, november-2017. Firda Seafood Group

**DAGLEG LEIAR SIN RAPPORT****Til aksjonærene****Eigedelar per 31.12.2017**

Eigar	Eigardelar i prosent
SIVA	24,79
Sogn og Fjordane Fylkeskommune	22,42
Gulen kommune	21,55
Masfjorden kommune	21,54
Hordaland Fylkeskommune	9,7

**STRATEGISKE HOVUDPUNKT:**

Arbeidet til GMU gjennom 2017, har vore organisert med utgangspunkt i vedtektsfesta føremål, forretningsplan og samarbeidsplattform med kommunane. Arbeidet er delt mellom «næring» og «profilering». GMU sto for jobbmessa Spydspiss i november i samarbeid med NAV, og har elles delteke på ei rekkje arrangement. Ein har jobba mykje med nye næringar innan havbruk og er i gang med prosjekt for området Oppedal-Brekke. Som tidlegare fungerer dagleg leiar i GMU også som sekretær for Gulen og Masfjorden Næringsråd.

**DRIFTSMESSIGE HOVUDPUNKT**

Dagleg leiar Solveig Daae Kristiansen sa opp stillinga si med verknad frå 01.03.17, og jobba 50% stilling fram til 31.05. Ny dagleg leiar, Ragnhild Undertun, tok over i stillinga med verknad frå 01.07.17. Dette har naturleg nok påverka aktivitetsnivået i GMU i 2017.

Tida frå 01.07 og ut året har utover administrasjon og førstelineteneste for gründerar, i stor grad vore nytta til å gjere seg kjend med regionen, verksemder og bransjar, samt å opparbeide relevant nettverk innan offentleg og privat sektor. Fordeling av tidsbruk mellom næringsutvikling og profileringsarbeid har difor vore noko flytande.

**Næring**

Mykje av næringsutviklingsarbeidet dreier seg om starthjelp til nye etablerarar og utviklingstiltak i eksisterande bedrifter. GMU har i 2017 vore i kontakt med 28 verksemder i Gulen og Masfjorden i samband med stifting av selskap, søknader til Næringsfond/Kraftfond der det har vore aktuelt, samt rådgeving i høve til potensiale for verksemda.



Henvendingane fordeler seg slik:

	2014	2015	2016	2017	Samla
Tal henvendingar	15	21	19	28	83
Tal rettleiing	9	18	18	15	60
Tal søknadsstøtte	5	9	10	14	38
Tal etableringshjelp	2	3	7	5	17

Tabellen viser utvikling i tal henvendingar til GMU siste åra, og ein kan konkludere med at starthjelp til etablerarar og søknadsstøtte til offentlege midlar er vorte eit etablert tilbod. Langt dei fleste tek kontakt på eiga hand.

Ny dagleg leiar har sett det som viktig å gjere seg kjend med næringslivet i regionen, og har nytta mykje tid ute i bedriftsbesøk. Døme på dette er bl.a. besøk hjå Skipavika Næringspark as, Firda Seafood Group, Stordalen Fjellstove, osv. Ein har prioritert å byggje nettverk med lokalt næringsliv, men også verkemiddelapparat lokalt og på fylkesnivå, samt å etablere kontakt med ulike bransjeorganisasjonar mm.

Å halde tett kontakt med lokalt næringsliv er svært viktig for GMU. Gjennom oppgåva som sekretær for Gulen og Masfjorden Næringsråd får ein innsyn i mange av dei utfordringane og mogelegheitene næringslivet ser for si verksemd og på overordna nivå for regionen. Næringsrådet har i 2017 hatt 5 styremøter i tillegg til årsmøte. Alle møta er haldne på Vidsyn, Sløvåg. Ny næringspris der kommunane stiller med prispengar er innstifta og planlagt utdelt for første gong under næringskonferansen i 2018.

GMU kan på eige initiativ etablere prosjekt, alternativt ta prosjektleiaroppgåver på vegne av verksemdar og det offentlege. I arbeidsplan for 2016, la GMU opp til sterkare fokus på nord-austlege delar av regionen. Resultatet av dette er prosjektet Brekke-Oppedal, (søknad til næringsfondet desember-16) der målet var å kartleggje behov til næringsaktørane i området, sett i samband med etablering av landbasert oppdrett, (Sogn Aqua/Glitne). Med utgangspunkt i dette ynskjer GMU å engasjere seg i oppgåver som kan medverke til å styrke og utvikle næringslivet i denne delen av regionen. Dette prosjektet skulle i utgangspunktet ferdigstillast sommar -2017, men tilsetjing av ny dagleg leiar, medfører at ein har valt å søkje om utvida frist og ser føre seg ferdigstilling sommar-2018. GMU har også engasjert seg i nye havbaserte næringar som tare og treforedling. Det går føre seg pilotprosjekt knytt til begge desse næringane lokalt.

GMU arbeider for å tiltrekkje seg nye og større næringsaktørar til regionen. I 2017 har GMU delteke på relevante næringslivsmesser, konferansar og andre fora med mål om å profilere regionen og informere om tilgjengeleg næringsareal/lokale, samt informere om verksemdar og næringar som alt er etablerte i regionen.



Gass til Gulen har vore tema for GMU sidan selskapet vart stifta. Dialog med aktuelle aktørar har ikkje ført fram tidlegare, og ein har i 2017 i liten grad prioritert arbeid med dette. GMU kan fungere som koordinator og medverke til profilering når aktørane er klare.

### **Profilering**

GMU nyttar i stor grad sosiale media ved formidling av nyhende og anna informasjon frå næringsliv, arbeidsmarknad og verkemiddelapparat. Vekst i tal besøkande har auka mykje gjennom 2017 og rekkevidde med omsyn til informasjon er god. I høve kostnader er det også ein effektiv kanal samanlikna med bruk av tradisjonell annonsering som t.d. aviser.

Jobbmessa Spydspiss vart arrangert 23. november i samarbeid med NAV. Det var 12 deltakarverksemder og om lag 120 besøkande. Messa var noko mindre enn tidlegare år, men svært gode tilbakemeldingar frå både besøkande og bedrifter tyder på at dette kan vere ei god løysing for seinare arrangement.

GMU har representert regionen under ei rekkje arrangement gjennom 2017. Dømer på dette er karrieremessene (Trondheim og Bergen) i regi av Framtidsfylket, næringssamlingar i fylka, seminar om felles arealplan for Nordhordland (Regionrådet i Nordhordland), arrangement under Innovasjonsuken Opp, (Hordaland), deltaking i temagruppe knytt til strategiplan for kyst, (Sogn og Fjordane fylke) m.v. Vertskapsrolle for delegasjonar frå næringslivs – og bransjeorganisasjonar som t.d. Invest in Bergen utgjer også ein del av profileringsarbeidet.

På initiativ frå GMU, har ein etablert felles kontaktpunkt med Gulen og Masfjorden Næringshage i form av kvartalsvise møter. Organisasjonane sine føremål skil seg på ein del punkt, men ein ser det som fornuftig å samarbeide om tettare om arrangement som skaper møteplassar for næringslivet, bygging av gründernettnettverk mm.

### **FRAMTIDSUTSIKTER OG UTVIKLINGSPERSPEKTIV**

GMU har eit godt samarbeid med kommunane, dømer på dette er faste møtepunkt som t.d. halvårlege møter med plangruppa til kommunane og elles representasjonsoppgåver. Ein opplever at oppgåver som naturleg høyrer til under næringsapparatet til kommunane blir overført til GMU.


Stor aktivitet i næringslivet i regionen medfører at jobbskapinga er solid. Det er ei større utfordring å skaffe nok arbeidskraft då låg arbeidsløyse medfører at ein ikkje har nokon reserve å ta av. Innbyggjartalet i regionen har vore stabilt og veksande siste åra, men reduksjon i 2017, medfører at ein må halde oppe fokus på at arbeidstakarane også bur i regionen. Utover arbeidsplassar, er fokus på bustadmogelegheiter og lokalt tenestetilbod viktig for å halde folketal oppe.



GMU er lokalisert i Sløvåg industrihamn, men har gjennom også 2017 hatt kontordagar på Matre. Målet er å vere til stades ein dag i veka. Dagleg leiar har prioritert å vere ute hos næringslivet mest mogeleg for å opparbeide kunnskap, og har i første året ikkje prioritert å vere her kvar veke.

I følge SSB vart det etablert 38 nye føretak i Gulen og Masfjorden i 2017, sett vekk frå offentleg forvaltning og primærnæringane.

Ragnhild Undertun,  
Dagleg leiar  
04.05.2018





## STYRET SI ÅRSMELDING FOR 2017.

### **Føremål og lokalisering**

Gulen og Masfjorden Utvikling as(GMU) er eit næringsutviklingsselskap for Gulen og Masfjorden kommunar, lokalisert på Vidsyn i Gulen kommune.

Selskapet sitt føremål er å tilretteleggje for auka næringsverksemd i kommunane Gulen og Masfjorden. Selskapet skal vere ein aktiv pådrivar og koordinator for private aktørar og elles medverke til etablering av lønsamme arbeidsplassar i distriktet. Selskapet skal vidare vere ein koordinator for offentlege midlar til næringsarbeid og vere ein pådrivar for at næringslivet for ei god kunnskaps – og teknologisk utvikling.

### **Drift og utvikling.**

GMU er kommunane si førstelineteneste for næringsutvikling i regionen. Verksemda sin forretningsplan, saman med arbeids- og aktivitetsplan for året er styrande for dagleg leiar sitt arbeid. Styret har hatt seks styremøter og to arbeidsmøter i 2017.


Styret og dagleg leiar stadfestar at føresetnad for fortsett drift er til stades, og årsrekneskapan for 2017 er sett opp under denne føresetnaden. Selskapet sine eigedelar består av likvide midlar, samt eigarpost og ansvarleg lån til Sløvåg Næringsbygg AS. Ein starta i slutten av 2017 på arbeidet med å lage ein forvaltningsstrategi for likvide midlar og enda opp med å velje Nordea som forvaltar av brorparten av likvide midlar i GMU. Desse er no fordelt slik, 17% er plassert i bank, (SSF), 29% er plassert i aksjefond og 54% i pengemarknads- og obligasjonsfond. Det er også utforma retningsliner for kva prosjekt GMU kan investere i av lokale prosjekt.

GMU hadde i 2017 ei underskot på drifta på kr. 48 421,35. I opphavelig budsjett for 2017, var det budsjettet med eit overskot på kr. 22 105,-. Etter tilsetjing av ny dagleg leiar vart dette revidert pga kostnader rundt tilsetjingsprosess og auka lønsutgifter til eit overskot på kr. 2 000,-. Underskot blir dekket av eigenkapital. Sal av tenester har vore under budsjettet heile året. I ein lengre periode jobba dagleg leiar 50% stilling, deretter var ein utan tilsette før ny dagleg leiar tok til i juli. I tillegg er tilskot knytt til prosjekt Brekke-Oppdal foreløpig ikkje utbetalt då ferdigstilling av prosjekt vart utsett til 2018. Utgangspunkt for vidare drift skal såleis vere gode, og 2017 må sjåast på som eit unntak som følgje av personellmessige endringar.


Arbeidsmiljø, likestilling og påverknad på det ytre miljø.  
Selskapet hadde i 2017 ei fast stilling. Dagleg leiar ved inngangen til 2017 Solveig Daae Kristiansen, sa opp stillinga si med verknad frå 01.02.17. Ho sa seg villig til å stå i 50% stilling for å strekke oppseilingstida lengst mogeleg og hadde såleis siste arbeidsdag 31.05.17. Ny dagleg leiar Ragnhild Undertun var på plass frå 01.07.17.


I styret er det 2 kvinner og 5 menn. Arbeidsmiljøet er godt og det førekjem ikkje diskriminering. Verksemda ureinar ikkje det ytre miljø.


Sløvåg, 20.04.2018

  
Hallvard Oppedal, styreleiar


  
Solveig Daae Kristiansen


  
Audhild B. Schaathun

  
Frode Kversøy

  
Karstein Totland

✓   
Njål Wilberg

✓   
Steinar Østerbø

  
Ragnhild Undertun, dagleg leiar

# **Årsregnskap 2017**

## **Gulen Og Masfjorden Utvikling AS**

**Resultatregnskap  
Balanse  
Noter til regnskapet**

**Org.nr.: 992 971 118**

## Resultatregnskap

Gulen Og Masfjorden Utvikling AS

	Note	2017	2016
Salgsinntekt		31 145	95 865
Annen driftsinntekt	6	811 800	793 300
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>842 945</b>	<b>889 165</b>
Varekostnad		20 000	0
Lønnskostnad	2	774 897	759 906
Annen driftskostnad		407 640	277 266
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>1 202 537</b>	<b>1 037 172</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>-359 592</b>	<b>-148 007</b>
Annen renteinntekt	7	291 431	297 812
Annen finansinntekt		3 420	0
Verdøkning markedsbaserte omløpsmidler		18 928	0
Verdireduksjon markedsbaserte omløpsmidler		1 236	0
Annen rentekostnad		1 332	629
<b>Ordinært resultat før skattekostnad</b>		<b>-48 380</b>	<b>149 177</b>
Skattekostnad på ordinært resultat	3	0	37 294
<b>Arsresultat</b>		<b>-48 380</b>	<b>111 883</b>
<b>Overføringer</b>			
Avsatt til annen egenkapital		-48 380	111 883
<b>Sum overføringer</b>		<b>-48 380</b>	<b>111 883</b>

## Balanse

Gulen Og Masfjorden Utvikling AS

<b>Eiendeler</b>	<b>Note</b>	<b>31.12.2017</b>	<b>31.12.2016</b>
<b>Finansielle anleggsmidler</b>			
Investeringer i tilknyttet selskap	7	44 000	44 000
Investeringer i aksjer og andeler	7	394 000	394 000
Andre fordringer	7	3 000 000	3 000 000
<b>Sum finansielle anleggsmidler</b>		<b>3 438 000</b>	<b>3 438 000</b>
<b>Sum anleggsmidler</b>		<b>3 438 000</b>	<b>3 438 000</b>
<b>Omløpsmidler</b>			
<b>Fordringer</b>			
Kundefordringer			
Andre kortsiktige fordringer	6	3 290	80 714
<b>Sum fordringer</b>		<b>10 413</b>	<b>7 108</b>
<b>Investeringer</b>			
Andre markedsbaserte finansielle instrumenter	8	4 017 692	0
<b>Sum investeringer</b>		<b>4 017 692</b>	<b>0</b>
Bankinnskudd, kontanter o.l.			
<b>Sum bankinnskudd, kontanter o.l.</b>	5	<b>9 281 563</b>	<b>13 286 005</b>
<b>Sum omløpsmidler</b>		<b>13 312 958</b>	<b>13 373 826</b>
<b>Sum eiendeler</b>		<b>16 750 958</b>	<b>16 811 826</b>

## Balanse

Gulen Og Masfjorden Utvikling AS

	Note	31.12.2017	31.12.2016
<b>Egenkapital og gjeld</b>			
Innskutt egenkapital			
Aksjekapital (20 E25 aksjer à kr. 250)			
Overkurs	4	5 156 250	5 156 250
Sum innskutt egenkapital		10 416 751	10 416 751
Opplyent egenkapital		1 026 092	1 075 372
Annen egenkapital		1 026 992	1 075 372
Sum opptjent egenkapital		2 053 084	2 150 744
<b>Sum egenkapital</b>		12 470 835	12 567 495
<b>Gjeld</b>			
Kortiktig gjeld			
Leverandørgjeld		28 677	21 433
Beløbar skatt		0	37 293
Skattetrekk og øfr. avgifter	3	49 393	42 722
Annen kortsiktig gjeld		71 895	62 004
Sum kortsiktig gjeld		150 965	163 453
Sum gjeld		150 965	163 453
<b>Sum gjeld og egenkapital</b>		12 621 800	12 730 948

Dato: 09.05.18

*Håvard Øvstedt*  
Håvard Hallstern Øvstedt  
styreleder

*Karstein Tøftes*  
Karstein Jon Tøftes  
nesteleder

*Solveig D. Kristiansen*  
Solveig Daae Kristiansen  
styremedlem

*Nils Wilberg*  
Nils Hansen Wilberg  
styremedlem

*Steinar Østerbe*  
Steinar Østerbe  
styremedlem

*A. Schjøthun*  
Aughild Botnen Schjøthun  
styremedlem

*Frode Kverføy*  
Frode Kverføy  
styremedlem

*Ragnhild Underen*  
Ragnhild Underen  
daglig leder

Org nr. 992 971 118



Til generalforsamlingen i Gulen og Masfjorden Utvikling AS

## Uavhengig revisors beretning

### Uttalelse om revisjonen av årsregnskapet

#### Konklusjon

Vi har revidert Gulen og Masfjorden Utvikling AS' årsregnskap som viser et underskudd på kr 48 380. Årsregnskapet består av balanse per 31. desember 2017, resultatregnskap for regnskapsåret avsluttet per denne datoen og noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Etter vår mening er det medfølgende årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettvise bilde av selskapets finansielle stilling per 31. desember 2017, og av dets resultater for regnskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapskikk i Norge.

#### Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder de internasjonale revisjonsstandardene International Standards on Auditing (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet i Revisors oppgaver og plikter ved revisjon av årsregnskapet. Vi er uavhengige av selskapet slik det kreves i lov og forskrift, og har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

#### Øvrig informasjon

Ledelsen er ansvarlig for øvrig informasjon. Øvrig informasjon består av daglig leder sin rapport og styrets årsberetning, men inkluderer ikke årsregnskapet og revisjonsberetningen.

Vår uttalelse om revisjonen av årsregnskapet dekker ikke øvrig informasjon, og vi attesterer ikke den øvrige informasjonen.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det vår oppgave å lese øvrig informasjon med det formål å vurdere hvorvidt det foreligger vesentlig inkonsistens mellom øvrig informasjon og årsregnskapet, kunnskap vi har opparbeidet oss under revisjonen, eller hvorvidt den tilsynelatende inneholder vesentlig feilinformasjon.

Dersom vi konkluderer med at den øvrige informasjonen inneholder vesentlig feilinformasjon er vi pålagt å rapportere det. Vi har ingenting å rapportere i så henseende.

#### *Styrets og daglig leders ansvar for årsregnskapet*

Styret og daglig leder (ledelsen) er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet i samsvar med lov og forskrifter, herunder for at det gir et rettviseende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge. Ledelsen er også ansvarlig for slik internkontroll som den finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Ved utarbeidelsen av årsregnskapet må ledelsen ta standpunkt til selskapets evne til fortsatt drift og opplyse om forhold av betydning for fortsatt drift. Forutsetningen om fortsatt drift skal legges til grunn for årsregnskapet så lenge det ikke er sannsynlig at virksomheten vil bli avvirket.

#### *Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet*

Vårt mål med revisjonen er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke økonomiske beslutninger som brukerne foretar basert på årsregnskapet.

For videre beskrivelse av revisors oppgaver og plikter vises det til:  
<https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

#### **Uttalelse om øvrige lovmessige krav**

##### *Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av selskapets regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringskikk i Norge.

Bergen, 9. mai 2018  
Bjørgvin Revisjon AS



Arve Hordvik  
Statsautorisert revisor